



NAUSTDAL KOMMUNE

ORDFØRAREN

Landbruksdepartementet

Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Lagtingstilskott til landbruksforvaltninga
Kommune: Naustdal Dyrkun
2003 / 2997 - 90

Mottatt: 12 DES 2003
Avsender: Ase/BS
TIN 48L

Sakshandsamar: Henry Ranestad dir tlf: 57816123

Vår ref: HR/2003/2593/ V70

Dykkar ref: 200302997-TIN

Dato: 10.12.2003

HØYRING PÅ UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKOT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET

Generelt om bakgrunn:

Stortinget vedtok i samband med handsaming av St.meld. nr. 1 (2001-2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet- regionalt og lokalt nivå*, at ei rekke nye oppgåver innan landbruksforvaltninga skal overførast til kommunane.

Som ledd i oppfølginga av dette ligg det no føre 2 forskrifter til høyring i m.a. kommunane. Opplegget har mange positive sider ved seg. Ein av intensjonane med ordninga er å styrke det lokale sjølvstyret, vitalisere lokaldemokratiet og gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver, og samstundes bidra til betre målretting og effektivisering av statleg verkemiddelbruk.

Ein av føresetnadene for at kommunane får tildelt midlar er at det føreligg godkjende fleirårige tiltaksstrategiar. Greitt nok, men dette føreset at kommunane er økonomisk i stand til å ha den kapasitet og kompetanse i administrasjonen som trengs til dette arbeidet. Systematisk underfinansiering av kommunane over lang tid gjer at dei vert tvungne til å kvitte seg med stillingar, eller til å bruke landbruksfagfolk til å utføre andre oppgåver. Fattige kommunar har ikkje kapasitet til å drive anna enn lovpålagde forvaltningsoppgåver. Næringsutvikling/bygdeutvikling må vike fordi det ikkje er lovpålagt. Den justeringa av rammetilskotet som vi oppfattar at skal skje er ikkje nok til å kompensere for nye oppgåver.

Merknader til: Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket :

- Lag og organisasjoner bør kunne søkje tilskot etter denne forskrifta.
- Gardsbruk som ikkje er i drift bør også kunne søkje slikt tilskot

Merknad til: Forskrift om tilskudd til nærings og miljøtiltak i skogbruket:

Generell merknad:

I "Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket" § 8 er synt til at kommunen skal

Postadresse: Postboks 43 6806 Naustdal	Kontoradresse: Kommunehuset 6817 Naustdal	Sentralbord: 57 81 61 00	Telefax 57 81 61 01	Bankgiro 3841.07.10541	Org.nr. 963923899
			E-postadr.: postmottak@naustdal.kommune.no		

fastsetje overordna retningsliner for prioritering av søknader. Ein liknande ordlyd bør takast inn i "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket". Fellestiltak og samarbeidstiltak bør framleis premierast i tilskotssamanhang. Dette bør nemnast som ei oppmoding også i denne forskrifa.

Det er positivt at forskrifta gje høve til å støtte andre tiltak enn det som kun er relatert til skogproduksjon i "smal" tyding, slik som kulturverdiar, friluftsinteresser osv. (jfr. kap. 4).

I høyringsbrevet (og i statsbudsjettet) er det lagt føring på at berre 50% av tilskota etter denne forskrifta kan nyttast til skogsvegar. Det vert oppfatta som at dette gjeld *årleg kommunal løying*. Dette vilkåret må fjernast. Subsidiært kan dette modererast til å gjelde ein større region (td. fylket) over ein lengre tidsperiode. (Det siste må evt. vere aktuelt dersom det er eit stort poeng å styre virkemiddelbruken i ei bestemt retning). Grunngjevinga er:

- Det vil bi praktisk umogleg å styre årlege løyvingar på denne måten.
- I skogreisingskommunar er det framleis trøng for dette viktige stimuleringsstiltaket for å få gjennomført rasjonelle og miljømessig gode samarbeidsprosjekt for å nytte ut dei ressursane som er bygd opp gjennom skogreisinga (og av naturen sjølv).

Til § 1-2: Virkeområde m.m.

Mange veganlegg har meir enn eitt års byggjetid, og tilsvarande periode for løyving og utbetaling av tilskot. For veganlegg som no er under bygging, vil andre ledd i § 1-2 skape vanskar ved at det står at det berre kan gjevast tilskot til tiltak som vert gjennomførde etter at forskrifta er sett i kraft. Kommunen ber om at det vert innført overgangsordningar for skogsvegar som er under bygging, slik at desse kan fullførast utan unødig forseinking.

Til kap. 2: Tilskudd til skogkultur.

Første ledd omtalar oppbygging av kvalitetsskog. Det mest kvalitetsfremjande tiltaket på Vestlandet (og i andre skogreisingsstrok) er planting, basert på ein kjempestor forskingsinnsats over lang tid for m.a. å oppnå tilpassa proveniensar. Det blir då meiningslaust å fjerne tilskot til planting og såing, som nettop kan nyte godt av denne innsatsen. Derimot vil det vere fornuftig å sette strengare vilkår om planting på høveleg bonitet.

Svært mange skogeigedomar i skogreisingsstrok har ikkje hatt høve til oppbygging av skogavgiftsfond. Også dette gjer det urimeleg med fjerning av tilskot til planting og såing.

Til kap. 3: Tilskudd til veibygging.

Kommunen ser det som positivt at heilskapsløysingar for betre utnytting både av skog- og utmarksressursane er nemnt, ei stadfesting av at alle verdiar knytt til utmark har aukande næringsmessig betydning. Desse verdiane må derfor kunne reknast med i det økonomiske grunnlaget for å byggje veg.

"Villmarksprega område", slik definisjonen lyder, gjev dei merkelegaste utslag på Vestlandet med dei store høgdeskilnadane vi ofte har. Klausulen i §3-1, 2. Ledd, vert derfor tidvis meiningslaus. Definisjonen bør snarast gjerast om, og relaterast til t.d. samanheng i landskap

eller naturkvalitet.

Syner elles til generelle merknader ovafor vedr. "50%-regelen".

Til kap. 5: Tilskudd til andre tiltak i skogbruket.

Auka ressursutnytting, verdiskaping og aktivitet i skogen er eit klart mål, som også er stadfesta i § 5.1. Då er det sjølvmotseiande at ein ikkje kan stimulere taugbanedrifter. Dette kan i mange høve vere det einaste realistiske alternativet for økonomisk drift, samstundes som at banedrift utført på rette måten er ein miljøvennleg driftsmetode i høve til diverse andre alternativ. Det siste er også støtta av lokale miljøvernorganisasjonar. Det er også viktig at vestlandsskogbruket tek vare på det vesle taugbanemiljøet vi har. Vilkåret om taugbanedrifter bør fjernast.

At tilskot til tømmerdrift med hest er gjeven eigen omtale, kan ha ein positiv signaleffekt. Men realismen i at hesten skal stå for nokon vesentleg del av tømmertransporten i dei bratte liene her vest er ikkje tilstades.



Jan Herstad
Ordførar



Henry Ranestad
rådgjevar/skogbrukssjef